

Bergsdalen jordbrukslag  
Helge Terje Fosse  
post@bergsdalstunet.no

Vaksdal kommune,  
Samfunnsutvikling.  
[post@vaksdal.kommune.no](mailto:post@vaksdal.kommune.no)

### **Revisjon av konsesjonsvilkår for Bergsdalsvassdraget.**

Bergsdalselva går ifrå Hamlagrøvatnet gjennom Bergsdalen til Dale. Får der namnet Daleelva. I dag går vatnet hovudsakleg i vasstunnelar og gjennom 3 kraftstasjonar. ( 4 dersom ein tek med Hodnaberg kraftstasjon). Dette fører til ei turlagd elv store delar av året. Og det er ikkje eit vakkert syn. Det forringar opplevinga av ein fin og god dal, Både for dei som bur i dalen og for dei som brukar Bergsdale som opplevelse og rekreasjonsområde. Bergsdalen ligg ca 1 time bilkøyring frå Bergen. Bergsdalsfjella er det finaste rekreasjonsområdet så nært Bergen. Det hadde vore positivt å få tilbake ei elv i dalbotnen, som hadde ei viss vassføring.

Når hovudelva har så liten vassføring, fører det til ei stor attgroing. Det gjer elva til eit mindre vakkert syn. Nokre tersklar har komme på plass, men det er på langt nær nok.

Med ei lita hovudelv medfører det ei oppsamling av massar frå sideelvane ut i hovudelva. Dette gjer at ein får utgraving av sideelvane, der det er flatt terreng.

Ei regelmessig reinsking av hovudelva er nødvendig. Det vert sjeldan gjort i dag. Ei større vassmengd i elva vil føra til betre og større fisk, og såleis betre fiskeopplevingar.

#### **Kort opp summert:**

1. Me må få ei rimeleg minstevassføring. For å få ein finare dal, mindre attgroing og større fisk i vassdraget.
2. Faste rutinar for oppreinsking av elveløp.

med helsing  
Bergsdalen jordbrukslag,  
Helge Terje Fosse  
leiar

